



SAKSHANDSAMAR
Åse Bitustøl

INNVALSTELEFON

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

VÅR REF.
13/01089-32

DYKKAR REF.
2014/11640-119

DYKKAR DATO

ARK. Forvaltningsarkivet
351.0

VÅR DATO
27.04.2018

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Att:

Kystpilegrimsleia - Tilskott 2018 - Statsbudsjettet kapittel 1429 post 77

Vi viser til søknad med utfyllende kommentarar frå Hordaland fylkeskommune av 19.januar 2018. Søknaden er skikka på vegne av dei fem fylkeskommunane frå Rogaland til Trøndelag og bispedøma i same området.

Riksantikvaren har handsama søknadene til kapittel 1429, post 77, verdiskaping, og leiinga hadde fordeling av denne posten til avgjerd 28.februar.

Vedtak

Riksantikvaren gir tilskot over statsbudsjettet kapittel 1429 post 77 med inntil

Kr 500 000,-

til prosjekt Kystpilegrimsleia i 2018-2019.

Grunngjeving

Riksantikvaren har med denne tildelinga brukt over 2,5 millionar kroner på Kystpilegrimsleia. Vi er opptatt av at arbeidet blir ført vidare inn i ein fast organisasjon etter at heile leia blir endeleg opna på Selja den 8. juli 2018. Tilskotet skal saman med tilskota frå fylkeskommunane gå til løn og til naudsynt reiseverksemd for prosjektleiar i minimum eit år frå august 2018.

Ambisjonen for åra 2018-2019 blir å arbeide for eit regionalt senter for kyststrekninga Stavanger til Trondheim, at fleire kulturminne blir tatt i bruk og nytta til næring og samstundes skape større merksemd om dei historiske mellomalderstadane langs kysten både for internasjonale turistar og eigne innbyggjarar.

Riksantikvaren føreset at registrering av kulturminne skjer i Kulturminnesøk eller andre opne databasar slik at informasjon om kulturminne kan nyttas av alle brukarar.

Vilkår

Vi stiller følgjande vilkår:

1. Tilskotet blir gitt under føresetnad av at prosjektet blir fullfinansiert.
2. Ved behov for endringar av budsjett, tiltak eller aktivitetar skal Riksantikvaren få informasjon.

3. Prosjektet sender rapport med rekneskap til Riksantikvaren innan 15. august 2019. Rapporteringsskjema er lagt ved.

Dersom vedtaket ikkje blir klaga på, vert tilskotet rekna som godtatt.

Oppfølging

Riksantikvaren ønskjer at prosjekta skal stå fram som gode eksempel på korleis god forvaltning av kulturminne, kulturmiljø og landskap kan medverke til positive samfunnseffektar og at dette blir synleggjort for politikare, forvaltning, næringsaktørar og befolkninga. Vi ber derfor om at prosjektarbeid og resultat dokumenterast og formidlast på egna måte, mellom anna ved teljingar, intervju, foto, film, prosjektforteljingar og analyser.

Ta gjerne kontakt med Riksantikvaren for spørsmål om oppfølging av prosjektet.

Utbetaling av tilskot

Vi kan betale ut tilskotet *etter kvart som mottakaren har behov for å dekke dei aktuelle kostnadene*, jf. økonomiinstruks for staten. Om nødvendig kan utbetalinga deles på fleire ratar.

Tilskotsmottakar må sende skriftleg oppmoding om utbetaling til Riksantikvaren innan utløpet av oktober månad. Oppmodinga må angje mottakar for tilskotet, kontonummer for utbetalinga og må vere skrive under av prosjektansvarleg.

Klage

Vedtaket kan klages til Klima - og miljødepartementet innan tre veker (jf. forvaltningslova §§ 28 og 29). Ein ev. klage skal stilast til klageinstansen, men sendast til Riksantikvaren innan tre veker etter at dette brevet er motteke.

Lykke til med vidareføring av Kystpilegrimsleia!

Vennleg helsing

Leidulf Mydland (e.f.)
avdelingsdirektør

Linda Veiby
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjend

Vedlegg: 1

Kopi til: Eva Moberg, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863
LEIKANGER/ Nasjonalt pilegrimssenter - Trondheim, Kjøpmannsgata 1C, 7013 Trondheim

<i>Prosjektnavn</i>		<i>Tilskuddsmottaker</i>		<i>Tilskuddsnummer</i>
Kystpilegrimsleia		Hordaland fylkeskommune		180014 - - -
<i>Kapittel/post</i>	<i>RA-konto</i>	<i>Koststed</i>	<i>Prosjekt</i>	<i>Innsats</i>
142977	8719	32	000	0000
<i>Tilskudd</i>	<i>Utbetaling</i>	<i>Bankkonto</i>	<i>Merknad</i>	
Kr. 500 000				